

Kvartalsrapport

3-2015



Det er 10 år sidan me opna kontoret på Fagernes. Mykje har skjedd på denne tida. Frå å vere ein liten tradisjonell bank med 4 tilsette er no kontoret eit lokalt finanshus med 28 tilsette fordelt på bank, forsikring, rekneskap og eigedomsmekling.

Kommentarar 3. kvartal 2015

Konsernet

Konsernet si hovudverksemd omfattar følgjande område:

- Bankverksemd
- Eigedomsmekling
- Rekneskapsføring og økonomisk rådgjeving.

Alle desse områda er konsesjonspliktige.

I tillegg driv konsernet med eigedomsutvikling og investeringsverksemd. Den samla verksemda blir utført av morselskapet og 7 heileigde dotterselskap.

Konsernrekneskapan omfattar også to felleskontrollerte verksemdar inn mot SpareBank 1-Alliansen.

Konsernet har eit resultat etter skatt på 72,6 mill. kroner. Dette er 17,6 mill. under resultatet pr. 3. kvartal i fjor.

Bankverksemda

Bankverksemda blir drive av morbanken SpareBank 1 Hallingdal Valdres. I kvartalet har verksemda hatt 92 årsverk.

Banken har eit driftsresultat etter skatt pr. 3. kvartal på 61,8 mill. kroner som svarar til 0,94 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital. Resultatet er 19,2 mill. under tilsvarande periode i fjor, og om lag som venta.

Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter utgjer 116,1 mill. kroner mot 116,5 mill. i same periode i fjor. Rentenettoen i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital er pr. 3. kvartal på 1,77 %. I same periode i fjor var rentenettoen 1,99 %. Det er hittil i år kostnadsført 3,1 mill. i sikringsfondsavgift. Dette utgjer ¾ av årleg avgift.

Netto andre driftsinntekter utgjer 63,4 mill. kroner mot 76,9 mill. i same periode i fjor. Den store nedgangen skuldast at banken mottok ein del i ekstraordinært utbytte frå tilknytte selskap i fjor, medan det i år har vore på eit normalt nivå. Andre postar har ei normal utvikling.

Driftskostnadane pr. 3. kvartal aukar frå 88,9 mill. i fjor til 91,6 mill. kroner i år. Personalkostnadane er uendra frå tilsvarande periode i fjor. Årsaka er lågare pensjonskostnad for året etter nye aktuarutrekningar i kvartalet. Kostnadsveksten på 3 % relaterer seg til administrasjonskostnader og andre driftskostnader.

Resultatrekneskapan viser ein netto tapkostnad på 4,6 mill. kroner mot 13,4 mill. i same periode i fjor. Dette er ei hyggeleg utvikling.

Banken har ved utgangen av 3. kvartal ein forvaltningskapital på 8,6 mrd. kroner. Forvaltningskapitalen har auka med 6,7 % siste 12 månader.

Balansførte utlån samt overførte lån til SpareBank 1 Boligkreditt (Boligkreditt) har ein vekst frå 3. kvartal i fjor på 427 mill. kroner eller 5,1 %. Banken har overført bustadlån for til saman 1.743 mill. kroner til selskapet. Dette utgjer 19,7 % av balansførte og overførte lån. Utlåna fordeler seg med 68 % til privatmarknaden og 32 % til bedriftsmarknaden.

Sum engasjement som er misleghalde lengre enn 90 dagar utgjer pr. 3. kvartal 83,3 mill. av utlånsvolumet og er ein nedgang på 46,5 mill. sidan same tid i fjor. Misleghaldet utgjer med det 1,17 % av brutto utlån. Samla nedskrivningar for verdifall på utlån utgjer 48,1 mill. kroner pr. 3. kvartal. Misleghald og tap er ytterlegare spesifisert på side 4 i kvartalsrapporten.

Innskota ved utgangen av 3. kvartal er på 5.975 mill. kroner, og er ein auke på 872 mill. siste 12 månader. Innskota fordeler seg med 3.451 mill. på privatmarknaden og 2.524 mill. innafør bedriftsmarknaden. Omrekna i prosent er auken siste 12 månader på 17,1 %. Utlåns- og innskotsutviklinga gjer at finansieringsgraden (innskot/utlån) ved kvartalsslutt er på 84,3 % mot 76,0 % for eit år sidan. Banken har hatt ei periode med svært god innskotsvekst, men det er venta at det låge rentenivået vil gjere sitt til at veksten flatar ut dei komande månadane.

Banken har pr. 3. kvartal til saman 1.425 mill. kroner i eksterne innlån fordelt på 5 obligasjonslån på til saman 1.325 mill. kroner og eit banklån pålydande 100 mill. kroner. Av innlåna har 250 mill. kroner løpetid på under eit år. Banken har i tillegg til denne finansieringa ein oppgjærskreditt på 40 mill. kroner.

Eigedomsmekling

Denne verksemda blir drive av dotterselskapet EiendomsMegler 1 Fjellmeieren AS og har 16,3 årsverk. Selskapet har ein leiande marknadsposisjon i Hallingdal og er ein utfordrar i Valdres etter etableringa av kontor i dalføret i 2014.

Selskapet har eit driftsresultat etter skatt pr. 3. kvartal på 2,4 mill. og er 0,5 mill. over tilsvarande periode i fjor. Driftsinntektene aukar med 0,3 mill. i høve til 1. halvår i 2014. Så langt i år har selskapet omsett 426 eigedomar mot 349 i same periode i fjor. Dette er det høgste talet i selskapet si historie.

Rekneskap og økonomisk rådgjeving

Denne verksemda blir drive av dotterselskapet SpareBank 1 Regnskapshuset ValHall AS etter fusjon av konsernet sine selskap i Hallingdal og Valdres i 2014. Selskapet har 50,1 årsverk og er med det ein betydeleg aktør i Hallingdal og Valdres.

Selskapet har eit driftsresultat etter skatt pr. 3. kvartal på -2,4 mill. noko som er 2,3 mill. under tilsvarande periode i fjor for dei fusjonerte selskapa. Fusjonen har medført både organisasjonsmessige og systemmessige endringar som har auka bruken av interntid i ei overgangsperiode.

Andre verksemdar

Konsernet si eigedomsverksemd blir drive av dotterselskapa SpareBank 1 Hallingdal Eigedom AS og SpareBank 1 ValHall Eigedomsutvikling AS.

SpareBank 1 Hallingdal Eigedom AS driv utleige til konsernet sine verksemdar på Gol og i Hemsedal etter at banken sine lokale i Ålingen Kjøpesenter på Ål vart seld i 1. kvartal.

SpareBank 1 ValHall Eigedomsutvikling AS eig konsernet sine lokale på Beitostølen og Heggenes, samt «veksthuset» i Hemsedal. Selskapet leiger konsernet sine lokale på Fagernes og Flå samt lokale i Meny-bygget på Gol. Det er i kvartalet sett i verk ei omfattande ombygging av selskapet sine lokale på Heggenes for å få ei god samlokalisering av konsernet sine verksemdar i bygget.

Selskapa leverer eit resultat etter skatt pr. 3. kvartal på -0,4 mill. kroner. Dette er 0,1 mill. betre enn same periode i fjor. Selskapa har som målsetting å gå om lag i balanse.

Konsernet si investeringsverksemd blir drive av SpareBank 1 Hallingdal Invest AS. Selskapet har utvikla eit tomtefelt på Flå der utbygginga er i ein tidleg fase. Resultatet etter skatt pr. 3. kvartal er eit tilnærma 0-resultat, noko som er 0,5 mill. betre enn same periode i fjor.

Felleskontrollert verksemd

Banken eig 7,8 % i kvar av dei felleskontrollerte selskapa Samarbeidende Sparebanker AS og Samarbeidende Sparebanker Bankinvest AS. Desse selskapa er eigd av 11 mellomstore bankar i SpareBank 1 Alliansen. Samarbeidende Sparebanker AS eig 19,5 % av SpareBank 1 Gruppen AS. Samarbeidende Sparebanker Bankinvest AS eig 19,5 % av BN Bank.

Resultatandelen frå desse verksemdene inngår i konsernrekneskapan, i tillegg til morbanken og dotterselskapa, og utgjer 15,4 mill. kroner av det samla konsernresultatet på 72,6 mill.

Kapitaldekning

Konsernet har ved utgangen av 3. kvartal ei kapitaldekning på 16,12 %. For morbanken er kapitaldekninga på 15,11 %. Kvartalsrekneskapan er revidert så resultat hittil i år er lagt til den ansvarlege kapitalen.

Framtidsutsikter

Det store spørsmålet for norsk økonomi er kor store dei direkte og indirekte effektane av fallet i oljeprisen vil bli. Observasjonar frå arbeidsmarknaden tilseier så langt at effektane kan isolerast til oljenæringa. Sentralbanken sin regionale nettverksundersøking tilseier låg økonomisk vekst i Norge framover, men med ulik utvikling i oljerelatert verksemd og anna aktivitet i norsk økonomi.

Pengepolitikken til Norges Bank er innretta mot å dempe nedturen i norsk økonomi. Sentralbanken sitt svar på fallande oljeinvesteringar og forventa svikt i enkelte delar av arbeidsmarknaden har vore å kutte renta 3 gonger det siste året. Nye rentekutt kan ein ikkje sjå bort frå.

Reiselivsnæringa er sentral i konsernet sitt marknadsområde. Me ventar at den låge kronekursen vil ha ein positiv effekt for reiselivsnæringa. Førehandsbestillingar for komande vinter har så langt ein auke på 10-15 % samanlikna med fjoråret. Ein sein sesongoppstart kan påverke veksten i negativ retning og dermed også årsresultatet for 2015 for mange reiselivsbedrifter.

Utlånsveksten og rentemarginen er tilfredsstillande og me vil få eit resultat i bankverksemda som forventa. I meklarverksemda er det god omsetning og selskapet vil også i år kunne levere eit godt bidrag til konsernresultatet. Regnskapshuset vil levere eit negativt resultat, men er i svært positiv utvikling.

SpareBank 1 Gruppen leverer eit svært godt resultat pr. 3. kvartal og det er grunn til å vente eit godt resultatbidrag frå den sentrale verksemda i SpareBank 1 også neste kvartal.

Hallingdal, 30.09.15/11.11.15

Kjell Vidar Bergo Åge Sandsengen Sissel Bjørøen
Styreformann Nestformann

Odd Holde Tore Østlund Kristin Ourom Vidar Isungset

Resultatrekneskap 3. kvartal 2015 Tal i heile 1000 kroner

MORBANK					KONSERN					
Året 14	3. kv. 14	3. kv. 15	30.09.14	30.09.15		30.09.15	30.09.14	3. kv. 15	3. kv. 14	Året 14
324 482	81 784	73 332	242 153	228 171	Renteinntekter og liknande inntekter	225 864	239 421	72 649	80 866	320 939
169 254	42 672	32 892	125 641	112 105	Rentekostnader og liknande kostnader	112 067	125 632	32 863	42 707	169 342
155 228	39 112	40 440	116 512	116 066	Netto rente- og provisjonsinntekter	113 797	113 789	39 786	38 159	151 597
16 209	7 457	-1 267	23 396	6 717	Utbytte og andre innt. av verdipapir med variabel avk.	20 520	36 596	3 942	18 397	46 715
70 309	17 891	17 527	52 494	53 220	Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester	53 220	52 494	17 527	17 891	70 309
5 678	1 499	1 525	4 703	4 269	Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester	4 269	4 703	1 525	2 901	5 678
5 893	672	-2 473	3 931	5 448	Netto verdiendr. og gevinst/tap valuta og verdipapir	5 448	3 931	-2 473	672	5 893
2 576	402	599	1 791	2 296	Andre driftsinntekter	53 440	55 276	16 128	14 026	73 903
89 309	24 923	12 861	76 909	63 412	Sum andre inntekter	128 359	143 594	33 599	48 085	191 142
244 537	64 035	53 301	193 421	179 478	Sum driftsinntekter	242 156	257 383	73 385	86 244	342 739
69 438	17 203	15 753	46 728	46 761	Personalkostnader	83 949	85 462	26 897	28 371	123 426
31 907	6 456	8 706	23 315	24 565	Administrasjonskostnader	24 085	23 038	8 475	5 114	31 716
3 629	915	1 032	2 689	3 006	Avskrivningar mv av varige driftsmiddel	10 070	11 898	3 331	4 023	21 154
23 763	5 936	5 749	16 156	17 226	Andre driftskostnader	25 493	23 120	9 026	6 802	35 532
128 737	30 510	31 240	88 888	91 558	Sum driftskostnader	143 597	143 518	47 729	44 310	211 828
115 800	33 525	22 061	104 533	87 920	Resultat før tap	98 559	113 865	25 656	41 934	130 911
14 375	4 201	-1 354	13 387	4 582	Tap på utlån, garantier mv	4 582	13 387	-1 354	4 201	14 375
-10 503	-10 645	-	-10 503	3	Nedskr og gev./tap på verdipapir haldne på lang sikt	3	-10 503	-293	-10 646	-10 503
111 928	39 969	23 415	101 649	83 335	Resultat etter tap	93 974	110 981	27 303	48 379	127 039
24 131	5 500	7 498	20 600	21 498	Skatt på ordinært resultat	21 396	20 801	7 392	5 231	22 971
87 797	34 469	15 917	81 049	61 837	Resultat av ordinær drift etter skatt	72 578	90 180	19 911	43 148	104 068
87 797	34 469	15 917	81 049	61 837	Resultat	72 578	90 180	19 911	43 148	104 068

Kontoplanen er revidert i 2014. Dette fører til nokre endringar i oppstillingsplanen. Rekneskapan for tidlegare perioder er omarbeidd tilsvarande slik at samanlikningar blir korrekt.

Nøkkeltal

	MORBANK			
	3. kv. 15	3. kv. 14	Året 14	Norm 14 *
RENTABILITET				
Rentenetto i % av gj.sn forvaltn.kapital	1,77	1,99	1,96	1,78
Driftskostnader i % av driftsinntekter	51,01	45,96	52,65	51,55
Driftskost. i % av gj.sn.forvaltn.kapital	1,39	1,52	1,63	1,36
Eigenkapitalrentabilitet (før skattekostnad)	10,85	13,84	11,21	12,45
Eigenkapitalrentabilitet (etter skattekostnad)	8,05	11,04	8,79	9,57
Bokførte tap i % av brutto utlån	0,06	0,20	0,22	0,16
FINANSIERING				
Utlånsvekst (brutto) i % siste 12 md.	5,64	6,56	3,44	5,39
Overførte lån til SpareBank 1 Boligkreditt AS (1000 kr)	1 742 775	1 694 344	1 763 483	
Utlånsvekst i % siste 12 md. inkl. overført Boligkreditt	5,08	7,97	5,32	5,44
Innskotsvekst i % siste 12 md.	17,08	8,79	18,92	8,09
Innskot i % av brutto utlån	84,27	76,04	83,37	84,53
Auke i forvaltn.kapitalen i % siste 12 md.	6,70	10,22	13,45	6,96
SOLIDITET				
Netto ansvarleg kapital, konsern (1000 kr)**	1 023 446	890 318	991 484	
Kapitaldekning, konsern i % **	16,12	15,26	16,67	
Netto ansvarleg kapital, morbank (1000 kr)**	927 759	837 094	915 154	
Kapitaldekning, morbank i % **	15,11	14,96	15,87	18,29
Eigenkapitalprosent	12,35	12,86	12,11	9,99
Nedskrivning i % av brutto utlån	0,68	0,76	0,72	0,64

* Byggr på tal frå Bankenes sikringsfond for bankar med forvaltningskapital mellom 3 og 10 mrd. kroner

** Nytt regelverk frå 3. kvartal 2014 (CRD IV)

Dotterelskap Tal i heile 1000 kroner

DRIFTSINNTEKTER	30.09.15	30.09.14	Endring	RESULTAT ETTER SKATT	30.09.15	30.09.14	Endring
EiendomsMegler 1 Fjellmegleren AS	23 973	22 392	1 581	EiendomsMegler 1 Fjellmegleren AS	2 436	1 911	525
SpareBank 1 Hallingdal Eigedom AS	5 345	6 536	-1 191	SpareBank 1 Hallingdal Eigedom AS	126	-287	413
SpareBank 1 Hallingdal Invest AS	408	-	408	SpareBank 1 Hallingdal Invest AS	31	-437	468
SpareBank 1 Regnskapshuset ValHall AS	29 375	33 546	-4 171	SpareBank 1 Regnskapshuset ValHall AS	-2 436	-110	-2 326
SpareBank 1 ValHall Eigedomsutvikling AS	3 419	2 453	966	SpareBank 1 ValHall Eigedomsutvikling AS	-435	-534	99
Sum	62 521	64 927	-2 406	Sum	-278	543	-821

Balanse per 30. september 2015

Tal i heile 1000 kroner

MORBANK				KONSERN		
31.12.14	30.09.14	30.09.15	EIGEDELAR	30.09.15	30.09.14	31.12.14
238 049	236 488	74 672	Kontantar og fordringar på sentralbankar	74 672	236 488	238 049
628 293	297 735	425 020	Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	425 109	287 297	629 507
6 769 590	6 712 280	7 090 766	Brutto utlån til og fordringar på kundar	6 992 580	6 609 980	6 653 033
-18 889	-20 867	-18 065	- Individuelle nedskrivningar	-18 065	-20 867	-18 889
-30 000	-30 000	-30 000	- Gruppevise nedskrivningar	-30 000	-30 000	-30 000
6 720 701	6 661 413	7 042 701	Netto utlån til og fordringar på kundar	6 944 515	6 559 113	6 604 144
23 499	22 099	19 299	Overtekte eignedelar	19 299	22 099	23 499
384 618	385 191	463 337	Sertifikat, obligasjonar og andre rentebær. v.papir	463 337	385 191	384 618
298 187	287 312	438 960	Aksjar, andelar og andre vp. med variabel avkastning	439 158	302 387	313 257
51 552	51 552	51 552	Eigarinteresser i tilknytt selskap	153 460	118 452	124 684
43 410	48 063	40 186	Eigarinteresser i konsernselskap	-	-	-
3 149	2 602	8 846	Immatrielle eignedelar	19 866	23 217	16 951
16 480	15 196	14 961	Varige driftsmidlar	103 782	124 304	124 492
15 305	18 326	10 485	Andre eignedelar	25 997	34 021	30 812
26 855	48 352	25 273	Forskotsbetalingar og opptente inntekter	52 536	75 915	56 344
8 450 098	8 074 329	8 615 292	Sum eignedelar	8 721 731	8 168 484	8 546 357
			GJELD OG EIGENKAPITAL			
100 000	100 000	100 000	Gjeld til kredittinstitusjonar	100 000	100 000	100 000
5 643 602	5 103 699	5 975 388	Innskot frå og gjeld til kundar	5 964 777	5 099 277	5 638 366
1 580 765	1 676 773	1 326 115	Gjeld stifta v/ utsteding av verdipapir	1 326 115	1 676 773	1 580 765
72 372	57 555	43 171	Anna gjeld	46 533	61 188	75 295
15 912	81 907	71 084	Påkomne kostnader og forskotbetalte inntekter	83 826	92 930	26 257
14 485	16 230	35 164	Avsetningar til forpliktingar og kostnader	38 053	21 062	17 521
7 427 136	7 036 164	7 550 922	Sum gjeld	7 559 304	7 051 230	7 438 204
805 700	805 700	805 700	Eigenkapitalbevis	805 700	805 700	805 700
11 581	11 581	11 581	Overkursfond	11 581	11 581	11 581
1 176	1 176	1 176	Kompensasjonsfond	1 176	1 176	1 176
818 457	818 457	818 457	Sum innskote eigenkapital	818 457	818 457	818 457
102 749	44 614	82 820	Utjamningsfond	82 820	44 614	102 749
90 167	82 406	90 167	Grunnfondskapital	90 167	82 406	90 167
11 589	11 639	11 089	Gåvefond	11 089	11 639	11 589
-	-	-	Fond for vurderingsulikheiter	87 316	81 488	87 718
-	-	-	Anna eigenkapital	-	-11 530	-2 527
204 505	138 659	184 076	Sum opptent eigenkapital	271 392	208 617	289 696
-	81 049	61 837	Resultat hittil	72 578	90 180	-
1 022 962	1 038 165	1 064 370	Sum eigenkapital	1 162 427	1 117 254	1 108 153
8 450 098	8 074 329	8 615 292	Sum gjeld og eigenkapital	8 721 731	8 168 484	8 546 357
			POSTAR UTANOM BALANSEN			
638 064	653 120	663 995	Betinga forpliktingar	663 995	653 120	638 064

Misleghald og tap på utlån

Tal i heile 1000 kroner

	MORBANK		
	3. kv. 15	3. kv. 14	Året 14
MISLEGHALDNE LÅN			
Brutto misleghaldne lån	83 269	129 772	87 875
- individuelle nedskrivning	16 968	15 631	18 889
NETTO MISLEGHALDNE LÅN	66 301	114 141	68 986
IKKJE MISLEGH. LÅN MED NEDSKRIVING			
Brutto utlån	1 284	5 520	-
- individuelle nedskrivning	751	4 890	-
NETTO IKKJE MISL.H. LÅN M/NEDSKR.	533	630	-
TAP PÅ UTLÅN OG GARANTAR			
Endring gruppe nedskrivning	-	1 500	1 500
Endring individuell nedskrivning	596	6 926	5 397
Konstatert tap i perioden	4 442	5 051	11 064
Inngått på tidl.konst. tap	-456	-90	-3 586
TILBAKEFØRING (-) / TAP I PERIODEN (+)	4 582	13 387	14 375

Telefon 03202
Faks 3202 3901
post@sb1.no
www.sb1.no
Foretaksregisteret
937 889 631

Kundesenteret
Postboks 33
3551 Gol
Forretningsadresse
Postboks 173
3571 Ål

Kontor: Geilo, Ål, Gol, Hemsedal,
Fagernes, Heggnes og Beitostølen

SpareBank
HALLINGDAL VALDRES

